

---

Saksnr: 2021/45980-1  
Saksbehandlar: Astrid Lernes  
Dato: 10.09.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet  
Hovudutval for mobilitet og kollektiv

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren


---

## Kostnadsutvikling i nye driftskontraktar i vegsektoren

Fylkesvegane i Vestland er i dag drifta av ulike entreprenørarar ved inngåtte driftskontraktar og med eigne kontraktar knytt til elektro og tunnel.


Etter avviklinga av Sams vegadministrasjon er fylkeskommunen inne i ein fase der felles driftskontraktar med Statens vegvesen skal avløyast av eigne driftskontraktar med berre fylkesveg. I 2021 er det inngått 2 nye driftskontraktar. Fram til 2024 skal det lysast ut 8 nye driftskontraktar etter kvart som eksisterande kontraktar går ut. Med kontraktsstart i september på nye kontraktar blir det full årleg kostnadseffekt av alle dei 10 driftskontraktane først i 2025.

Tabell 1: Oversikt over utløp på dagens driftskontraktar



Dei to driftskontraktane som fylkeskommunen har inngått i 2021 er betydeleg dyrare enn dei kontraktane som blir avløyst. Det er gjort diverse endringar i innhaldet i kontraktane, der endringane aleine ikkje forklarar den prisauken vi no ser. I stor grad er det ein generell prisauke i marknaden. Vidare gjer endringane det utfordrande å samanlikne kostnaden på gamle kontraktar med nye. Vi ser likevel i tabell 2 eit eksempel på den eine nye kontrakten der driftskostnaden pr kilometer fylkesveg er betydeleg auka samanlikna med gamle kontraktar i same område. Kostnadsauken på denne kontrakten er i intervallet 60 - 100 %. På den andre kontrakten som er inngått er kostnadsauken om lag 35 %.

Tabell 2: Oversikt over årleg driftskostnad pr km. fylkesveg



Nokre av endringane som er meir eller mindre prisdrivande er:

- Nye kontraktsgrenser er ikkje lik dei gamle. Kontraktsområda i dei nye kontraktane kan variere etterkvart som eksisterande kontraktar går ut i ulike år.
- Endringar i innhald på kontraktane, m.a.
  - drift/vedlikehald av tunnel er teke ut av driftskontraktane, og skal gjennomførast som ein eigen kontrakt
  - nye klima-/miljøkrav på m.a. utstyr og køyretøy
  - rapporteringskrav av gassutslepp/Co<sup>2</sup>
  - nye retningslinjer for m.a. rekkverk som og er ein fast del av kontrakten
  - oppgjersform for vinterdrift er endra for å redusere saltforbruk
- Klimaendringar og meir ekstremvær/-hendingar fører til at entreprenøren priser beredskapen høgare.

Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i nye driftskontraktar. I Samferdsledepartementet si tilråding for statsbudsjett for 2021 blir det opplyst om ein auke på 73 % på Statens vegvesen sine nye kontraktar. Vi er også kjent med konkurransar er blitt avlyste på grunn av høgt kostnadsnivå. Vidare har entreprenørbransjen uttalt at kostnadsnivået ikkje er spesielt høgt, då det er eit krevjande område med små marginar og der mange kontraktar tidlegare har vore underprisa.

Fylkeskommunedirektøren er svært uroa over den kostnadsutviklinga ein ser på vegområdet. Vi ser no ein kostnadsauke på driftskontraktar, men det kan også bli tilsvarande på andre kontraktar innafor vegområdet, t.d. elektro og tunnel. Om vi legg til grunn ein kostnadsauke på 50 % vil ekstrabehovet til driftskontraktar i 2025 vera 260 mill. kr samanlikna med 2021-budsjettet. Dette er meir enn det handlingsrommet løyvingsnivå 60 Veg - drift og vedlikehald har til dekkelegging, vegutstyr og andre prioriterte tiltak som ikkje er kontraktsfesta over fleire år.

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje vert rett å nedprioritere all naudsynt vedlikehald, slik at det vil vere behov for å sjå på den økonomiske ramma til vegområdet i åra framover. Ei nedprioritering av vedlikehaldet vil medføre høgare driftskostnader og redusere levetida på infrastrukturen. Dette vil på sikt medføre høgare investeringsbehov.

I arbeidet med utlysing av nye kontraktar blir kontraktsstrategi/-innretning kontinuerleg vurdert. Hovudutval for samferdsel og mobilitet handsamar også sak om utlysing av driftskontraktar i forkant av utlysing. I desse sakene vert m.a. driftsområde, kontraktsperiode, kontraktsstrategi og standard drøfta. I den neste driftskontrakten skal lysast ut vert det vurdert ein meir byggherrestyrt kontrakt, saman med å dele kontraktsområdet inn i mindre geografiske område. Vi vil på denne måten prøve å redusere entreprenøren sin prising av risiko ved at vi som byggherre overtek ein større del av risikoansvaret. På den måten vil vi prøve å få ned kostnadane i kontraktar.

Det er liten erfaring med dette, så om vi oppnår vesentleg innsparing er for tidleg å seie noko om. Inndeling i fleire mindre kontraktar vil også medføre behov for å auke bemanninga i administrasjonen for å kunne følgje opp tettare.